

Sjømannskap frå seglskutetida

22.04.-28.04.2020

Kursinnhald:

Dette er eit praktisk kurs fyrst og fremst med læring gjennom deltaking på dei ulike arbeidsfelta på skipet. Alle deltakarane vil bli sette opp på vaktlag, tre i talet. Vi har:

*hundevakta/raud vakt	frå 00.00 til 04.00 og frå 12.00 til 16.00
*kvit vakt	frå 04.00 til 08.00 og frå 16.00 til 20.00
*blå vakt	frå 08.00 til 12.00 og frå 20.00 til 24.00

Ut over den vakta du høyrer til, er du velkommen til òg å ta i eit tak på frivakta om du ynskjer det.

Statsraad Lehmkuhl er eit seglskip, og sjølv om tidsplan sjeldan blir særleg endra undervegs, så er ingen kursopphald på skipet like. Ver og sjø vil påverke kvardagen om bord, og vaktene vil heller ikkje vera like. Derfor vil det kunna oppstå avvik frå det innhaldet som blir skissert her, men slik var det reint faktisk òg i seglskutetida.

Deltakarane blir innkvarterte på banjerar fordelt på dei tradisjonelle sjøvaktene som dei skal gå saman med mannskap og rutinerne lærarar frå skolen. I løpet av seglasen tek vi sikte på innføring i skipets anatomi, knutar og stikk, internasjonal musikkultur på seglskipa, seglføring og ord og uttrykk. Det vil òg bli vist til korleis seglskutetida har påverka det daglege språket vårt i dag. Ut over dette vil alle få praktisk innføring i seglskuteføring gjennom deltaking i to sjøvakter i døgnet så lenge båten er i sjøen. Det er ei oppleving å drive skuta fram gjennom felles løft og felles arbeid, og du vil gå vakt saman med andre kortkurselevar og flott ungdom frå årskurset ved Torshus Folkehøgskule som er på sin tradisjonelle avslutningstur.

Daglig leder for Statsraad Lehmkuhl Kristian Vatle kommer til Torshus FHS for å informere om årets tur. Dato og klokkeslett kommer senere.

22. april

Oppmøte på dagtid på Torshus FHS. Informasjon om tidspunkt kjem seinare. Det vil bli gjevi informasjon om turen før i avreise med buss. Kjem til Bergen på kvelden 22.april. Enkel kveldsmat og overnatting på seglskuta.

23. april

Sjøvaktene blir sette og skipet legg frå kai tidleg på morgonen. Sjøvaktene vil i løpet av arbeidsøktene få innføring i historia til Statsraad Lehmkuhl, mastetypar, segl og seglføring og lære om arbeidssongen på seglskutene.

24. april

Sjøvakter

25. april

Sjøvakter inntil landkjenning i Lerwick på Shetland. Høve til å gå i land og kjenne på atmosfæren. Shantysong

26. april

Sjøvakter blir sette att.

27. april

Sjøvakter

28. april

Sjøvakter frå 00.00 til 10.00, (vakta frå 08.00-12.00 byrjar to timar tidlegare og går saman med skiftet frå 04.00-08.00.) Retur til Torshus om lag ved midnatt.

Praktiske opplysningar:

Oppmøte:

- Etter avtale på skipet den 23. april.
- Oppmøte på dagtid på Torshus FHS 22.april. Tidspunkt kommer senere.

Pris:

- Kr 5 800,- pr person ved oppmøte på skipet. Prisen inkluderer segltur og kost.
- Kr 6 600,- pr person ved oppmøte på skolen. Prisen inkluderer segltur, busstur tur-retur Bergen og kost.

Aldersgrense: 16 år. I følge med føresette kan òg personar under 16 delta. Aldersgrensa er da 12 år.

Personopplysningar: Deltakarane må så tidleg som muleg og seinast 6 veker før i avreise ha levert fylgjande informasjon til skolen: fullt namn slik det står i pass, nasjonalitet, fødestad, passnummer, personnummer (11 siffer), og næraste pårørande (som ikkje er med på skipet), med telefonnummer. Det må òg opplysast om medisinske tilhøve som epilepsi, diabetes, sterke medisinar, allergiar osv.. Opplysningane vil bli handsama konfidensielt på skolen og på skipet. Ved for sein innsending, vil ekstra kostnader ved særskild registrering kunna bli fakturert deltakaren eller deltakaren kan bli nekta å vera med skipet.

Alkohol:

Det er ikkje tillate å nyte alkohol medan skipet er i sjøen. Skipet har eiga «slappkiste» med tax free-sal av utvalde varer, og det er sjølvstøtt òg muleg å kjøpe kvote medan skipet ligg til kai i Lerwick.

Hengekøye:

Du vil få utdelt hengekøye for bruk under toktet. Det kan bli trongt på banjeren slik det var i gammal tid, men i ei hengekøye følgjer du alltid skipets rørsler og ligg alltid i «vater». Det er viktig at hengekøya blir festa og stramma skikkeleg, ta kontakt med lærar på vakta di om du er i tvil. Det finst òg ein sjukelugar med seng på skipet, men normalt er ei hengekøye meir komfortabel – særleg om det blir litt sjøgang.

Tryggleik:

Det er viktig å fylgje reglane om bord og rette seg etter det mannskap og lærarstab seier for å unngå farlege situasjonar. Kort kan vi nemne at riggklatring berre er lov i rom sjø, lause gjenstandar skal leggst att før i klatring, det skal ikkje vera vottar eller hanskar med i riggen, og det skal vera gjevi klarsignal til klatring frå mannskap. Det er ikkje lov å sitja på rekka eller på naglebenkene på grunn av fare for å falle over bord. Det er òg viktig å møte på mønstring ved vaktskifte.

Pakkliste:

Det er ikkje ubegrensa plass til bortstuving av bagasje. Dei fleste vil berre disponere ei kiste med om lag 60 liters låsbar lagringsplass. Sko, ytterklede og sovepose blir lagra utanom. Ryggsekk, evt. Koffert og liknande vil bli bortstuva på eigen lagringsplass under toktet.

Pakkliste:

Sovepose
Toalettsaker
Vindtette/vasstette ytterplagg
Vottar/hanskar og lue
Skjert eller «buff»
Varme klede elles
Gode sko/fjellstøvlar
Pass

Greitt å ha:

Fotoapparat
Festesnor for lause gjenstandar som t.d.
fotoapparat (for å få ta det med i riggen)

Vilkår og betaling:

Du har reservert plass på toktet så lenge faktura blir betald innan fristen. Betaling blir sett som aksept av vilkåra for toktet/kurset. Totalprisen er kursavgift, kostutgifter og kostnader ved persontransport. Den delen som gjeld persontransport er ikkje omfatta av angrerett og vil ikkje bli refundert ved avbestilling. Det vil heller ikkje bli gjevi refusjon ved avbestilling etter utløp av angreretten, og du bør ha gyldig reiseforsikring allereie no ved inngåing av avtale.

Ved for sein innlevering av personopplysningar, sjå over, vil skolen på vegne av Stiftelsen Statsraad Lehmkuhl kunna vidarefakturere meirkostnader ved etterregistrering på medsegjarlista eller nekte den reisande adgang til skipet/toktet utan refusjon. Deltakaren er òg sjølv ansvarleg for å ha med gyldig pass (evt. visum dersom av ein nasjonalitet annan en norsk der visum er krevd for innreise i Storbritannia) om bord. Manglar dette, kan skolen og Stiftelsen Statsraad Lehmkuhl avvise deltakaren utan refusjon eller halde deltakaren økonomisk ansvarleg for evt. bøtelegging av skipet utført av britisk immigrasjonskontroll som følgje av dette.

Deltakar er sjølv ansvarleg for å teikne reiseforsikring. Torshus Folkehøgskule fråskriv seg ansvar for tap av helse, liv eller eigedom ut over det som måtte fylgje av direkte uansvarleg planlegging og gjennomføring av skolens personale på skolens vegne. Skolen fråskriv seg ansvar for force majeure og vilkår som er utanfor det skolen rår over. Ved avlysing av toktet/kurset pga tredjepart eller force majeure, vil skolen refundere ubrukt innbetaling (med utgangspunkt i totalpris, dvs kursavgift, kostutgift og utgift til persontransport) i samsvar med ansvar og kor mykje som allereie er gjennomført ved avlysingstidspunkt.

Skjema for utfylling av personopplysningar

(returner til skolen pr brev eller e-post til torshus@torshus.com snarast råd og seinast innan 11.03.2020)

Fullt namn (identisk med pass):.....

Nasjonalitet:..... Personnummer: (11 siffer).....

Passnummer:..... Utløpsdato Pass:.....

Fødestad (som i pass):..... Tlf:

Adresse:..... P.nr./stad:.....

E-post:..... Kjønn:

Næraste pårørande (på land):.....,tlf.....

Medisin/helsemessige
merknader/spesialkost:.....

.....

.....

Set kryss:

Eg møter i Bergen (kr 5 800,-)

Underteikning:

Eg treng skyss frå/til Torshus:

(Totalpris kr 6 600,-)